

Melding frå Kongen til Stortinget om Noregs rikes tilstand og styring i tida etter siste melding.

Vi OLAV, Noregs Konge,

gjer kunnig:

I samsvar med grunnlova gjev Kongen denne meldinga til Stortinget om Noregs rikes tilstand og styring i tida etter siste melding.

Noreg har vori med i siste delen av den 13. generalforsamlinga i Dei sameinte nasjonane da forhandlingene vart tekne opp at for å drøfte framtida åt tilsynsområda fransk og britisk Kamerun. Også på ei rekkje andre internasjonale konferansar har Noreg hatt målsmenn.

Det norske militærpersonellet som gjorde teneste i den observatørgruppa Dei sameinte nasjonane sende til Libanon, er ferdig med denne tenesta. Avdelingar av Hæren på om lag 600 mann gjer framleis teneste i den vaktstyrken Dei sameinte nasjonane har i Midaustlanda.

Etter tingingar mellom Noreg og Sambandsrepublikken Tyskland er det 7. august 1959 skrivi under på ein avtale der Sambandsrepublikken tek på seg å betale til det norske riksstyret 60 mill. tyske mark, som skal gå til norske borgarar som vart råka av nasjonal-sosialistiske forfølgingstiltak. Avtalen vil bli lagd fram for Stortinget med oppmoding om samtykke til ratifikasjon, og blir gyldig når ratifikasjonsdokumenta er utveksla.

Det er lagt fram utkast til plan for eit frihandelssamband mellom sju land innanfor Organisasjonen for europeisk økonomisk samarbeid: Noreg, Austerrike, Danmark, Portugal, Storbritannia, Sveits og Sverige. Ein reknar med at tingingane skal vere avslutta frampå hausten. Etter planen skal den første tollreduksjonen mellom medlemslanda skje 1. juli 1960.

Arbeidet held fram med å skipa Forsvaret etter dei hovudretningsliner som Stortinget fastsette i 1957. Nye forsvarsmiddel blir sett opp i luftforsvaret, og det er sett i verk eller gjort framlegg om tiltak som vil gjere forsvarsorganisasjonen meir einfelt og effektiv.

Den snøgge militærtekniske utviklinga gjer det naudsynt å stendig tilpassa organisasjon og forsvarsmiddel etter dei krav tida set.

Folke mengda var 3 565 000 pr. 1. oktober 1959; det er knapt 1 prosent større enn på same tid i fjar.

På arbeidsmarknaden var utviklinga i første delen av 1959 langt betre enn i 1958. I første kvartal vart det registrert jamtover om lag 37 000 arbeidslause. Det vart sett i verk store omfram arbeid for å halde arbeidsløysa nede. Såleis var det i første kvarstalet sysselsett jamtover om lag 14 500 ved slike arbeid. Talet på arbeidslause låg i månadene februar—juli lågare enn i fjar. Ved utgangen av juli var det sysselsett 3000 fleire lønstakarar enn på same tid året før. Sysselsetjinga har auka mest i varehandel, sjøtransport og offentleg og privat tenesteyting. Det har vori ny nedgang i sysselsetjinga i jordbruk, skogbruk og lønt husarbeid. Sysselsetjinga i industrien har stigi i 1959, og låg i slutten av juli litt høgre enn på same tid i fjar.

45 timars arbeidsveke er gjennomført for store grupper av arbeidstakarar.

Så langt ein på dette tidspunktet kan vurdere utviklinga, vil truleg den samla produksjonen av varer og tenester i 1959 kunne bli 3—4 prosent større enn i 1958.

Oppgåvene over varebytet med utlandet viser at verdet av innførsla utanom skip i dei første 7 månadene av 1959 kom opp i vel 4,1 milliardar kroner, eller 120 mill. kr. meir enn i same tidsrommet i fjor. Verdet av vareutførsla utanom skip var på bortimot 3,2 milliardar kroner, eller vel 250 mill. kr. meir enn i dei same månadene i fjor. Både for innførsla og utførsla kjem auken i verdet av auke i varemengd. Nettoinnførsla av skip gjekk ned med om lag 50 mill. kroner.

Nettovalutafraktene for norske skip i utanriksfart var i første halvår i år på 1360 mill. kroner, eller 35 mill. kr. meir enn i same tidsrommet året før. Det var eit underskott på driftsrekneskapen med utlandet i første halvåret på 470 mill. kroner, d. e. 160 mill. mindre enn i første halvåret 1958. Valutamengda auka i første halvåret med 166 mill. kroner.

Avlingane i jordbruks og hagebruk blir truleg noko mindre enn i 1958. Men ein reknar med at husdyrproduksjonen i alt blir noko større enn i fjor.

I skogbruket er det i hogsttida 1958—59 etter eit førebels overslag avverka om lag 7 mill. kbm bartretømmer til sal. Dette er 700 000 kbm mindre enn i same tid 1957—58.

Totalfangsten i fisket i første halvåret 1959 var om lag 845 000 tonn mot 766 000 i same tidsrommet 1958. Framgangen kjem for det meste av at vintersildfisket var betre enn året før. Til utgangen av august har også makrellfisket, brislingfisket og industrisildfisket gjevi betre fangstresultat enn i fjor.

Vinninga av kvalfangsten vart i fangstbolken 1958—59 noko mindre enn i førre fangstbolken. Produksjonen av kval- og spermolje gjekk ned med om lag 30 000 fat. Noreg har meldt seg ut av Den internasjonale kvalfangstkonvensjonen frå 1946, men er framleis med i samarbeidet for å avgrense og rasjonalisere fangsten.

I bergverk, industri og kraftforsyning var produksjonen i første halvår i år 3 prosent større enn i same tidbolken i

1958, men låg framleis i underkant av produksjonen i 1957. Produksjonsauken frå 1958 var større for utførsleindustrien enn for heimeindustrien. I utførsleindustrien var auken sterkest for aluminiumsverka, sildoljefabrikkane, papirfabrikkane og hermetikkfabrikkane. I heimeindustrien auka produksjonen av forbruksvarer, særleg tekstilvarer, medan produksjonen av investeringsvarer i første halvåret var mindre i år enn i fjor.

Elektrisitetsproduksjonen i dei 7 første månadene av året var vel 8 prosent større enn i same tidsrommet i fjor.

Byggje- og anleggsverksemda har vori større i 1959 enn i 1958. Mengda av igangsette bygg var i første halvåret 20 prosent større enn i same tidsrommet i fjor. Det vart bygd ferdig 11 900 husvære, eller om lag like mange som i første halvåret 1958. I anleggsverksemda var sysselsetjinga i dei 7 første månadene av året jamt over 10 prosent høgre enn i same tid i fjor.

Handelsflåten auka med vel 0,5 mill. bruttotonn i første halvåret 1959, og var pr. 30. juni på 10,1 mill. bruttotonn. Vel 60 prosent av tilgangen var tanktonnasje.

Kontraheringane har stansa opp, og det har vori kansellert ein del tidlegare kontrakter. Likevel var det pr. 1. september under bygging eller tinga for norsk rekning skip på i alt ca. 3,7 mill. bruttotonn. Fraktene har vori låge, og pr. 31. juli låg norske skip på bortimot 1,1 mill. bruttotonn i opplag.

Den innanlandske samferdsela har stigi i alle transportgreiner. Det offentlege vegnettet auka i budsjettåret 1958—59 med 848 km, det høgste talet som hittil er nådd. Offentlege vegar hadde pr. 30. juni 1959 ei samla lengd på vel 50 000 km.

Bilparken i landet var pr. 31. desember 1958 på om lag 421 000 køyrety. Det er om lag 49 000 fleire enn året før.

Ein reknar med at talet på utanlandske turistar som har gjesta Noreg i 1959, er større enn i 1958.

Levekostnadene har endra seg lite i 1959. Levekostnadsindeksen låg i første halvåret jamtover på om lag same nivå som i siste halvåret 1958, men om lag 4 prosent høgre enn i første halvåret i fjor. Engrosprisindeksen har haldi seg ubrigda på same nivå som i første halvåret 1958.

Når det gjeld utviklinga i private inntekter i 1959, har ein enno lite å halde seg til. Førerels utrekningar tyder på at dei samla lønstakar-inntektene auka med ikring 6 prosent frå første halvåret 1958 til første halvåret 1959, og at den gjennomsnittlege realinntekta som lønstakarane hadde til rådvelde, steig med 1,5—2 prosent.

Det private forbruket i første halvåret ser etter førebels oppgåver ut til å ha vori 1,5—2 prosent større enn i same tidsrommet i fjor.

Bruttoinvesteringa i fast kapital har i år vori større enn i 1958. Det er særleg investeringane i bygg og anlegg som har auka, medan skipsinvesteringane og investeringane i maskiner og utstyr låg på om lag same nivå som i fjor.

Penge- og finanspolitikken har vori mindre stram enn i 1958. Kredittavtaleane med private kreditinstitusjonar har gjevi grunnlag for ei noko større utlånsverksmed, og også utlånsbudsjettet til statsbankane er auka jamført med i fjor. Netto likviditetsinndraginga ved staten og Noregs Bank var i tida januar—juli vel 160 mill. kr. mindre enn på same tid i fjor.

I dei 7 første månadene av året tok staten opp innanlandske statslån for 660 mill. kroner. Bankar og trygdeselskap tok over ein stor del av låna.

Den finanzielle stoda til kommunane er framleis stort sett god.

Mange kommunar treng enno stønad frå skatteutjamningsmidlar. For 1959—60 er det brukt om lag 76 mill. kr. til skatteutjamning.

Det er skipa eit Statens institutt for alkoholforskning. Det er lagt fram melding til Stor-

tinget om ny plan for utbygging av alkoholistforsorga. Opplysningsverksemda om alkoholspørsmålet blir vidare utbygd. Alkoholforbruket og talet på drukkenskapsmisferder har haldi seg om lag på same nivå som i 1958.

I nært samarbeid med dei frivillige organisasjonane som står tilslutta Det norske Flyktningeråd, har Regjeringa aktivt stødd dei tiltak som generalsekretären i Dei sameinte nasjonane og Høgkommissären for flyktningar har sett i verk i samband med «Verds-flyktningåret».

Pensjonsgrunnlaga etter krigspensjoneringslovene er gjort monaleg høgre med verknad frå 1. juli 1959.

Helsetilstanden i landet har vori bra.

Med utgangspunkt i ein relativt omfattande poliomyelitepidemi i Nord-Noreg i 1958 er det gjort ein analyse av den profylaktiske verknaden av vaksinasjon mot poliomyelitt. Analysen har mellom anna gjevi grunnlag for denne konklusjonen:

«Mellom born som er vaksinerte 2 og 3 gonger, synest talet på nye tilfelle av paralytisk poliomyelitt vere berre ca. $\frac{1}{5}$ av talet på nye tilfelle mellom uvaksinerte born og born som er vaksinerte 1 gong, dvs. at det er 80 prosent færre nye tilfelle av paralytisk poliomyelitt mellom born som er vaksinerte 2 og 3 gonger, enn mellom uvaksinerte born og born som er vaksinerte 1 gong. Mellom vaksinerte vaksne synest den profylaktiske verknaden av vaksinasjonen ha vori noko lågare.»

Det nye viruslaboratoriet ved Statens institutt for folkehelse er teki i bruk.

Nedgangen i talet på nye tilfelle av tuberkulose held fram, men tuberkulosen er enno den mest utbreidde av dei alvorlege smittsame sjukdomane.

Dei psykiatriske institusjonane blir vidare utbygde etter dei retningslinene som er dregne opp i langtidsprogrammet for perioden 1958—1961. Ein reknar med at det målet som er sett i programmet, vil bli nådd.

Det er no 983 prestestillingar i kyrkja. I det siste året er det gjevi løyve til å byggje 10 kyrkjer og kapell.

Lov om folkeskolen frå 10. april 1959 er sett i verk frå 1. juli. Lova er sams for bygd og by. Både landkommunar og bykommunar er i gang med å planleggje og byggje ut 9-årig einskapsskole etter den nye lova.

Det er sett i gang 3 nye spesialskolar for evneveike. Ein ny spesialskole for born og ungdom med talevanskars og ein ny skole for evneveike er kome i gang. Dessutan blir det med tilskott frå staten bygd ein spesialskole for born og ungdom med tilpassingsvanskars.

Utbygginga av lærarskolane held fram. Det er teki opp 53 nye klassar. Talet på klassar er 126 med om lag 3700 elevar. Det er det høgste elevtalet vi nokon gang har hatt. Det er sett i gang ein ny mellombels lærarskole.

Elevtalet i vidaregåande skolar aukar sterkt. Det har til dels vori naudsynt å nytte ut kapasiteten til realskolar og gymnas også om ettermiddagen.

Arbeidet med å reise nybygget til yrkeskolen for skogsarbeidarar er sett i gang.

Den første eksamen for faglærarar i handels- og kontorfag for undervisning i lærlingklassar vart halden i vår. Det er sett i gang 24 prøveklassar i lærlingskolen for handels- og kontorarbeid.

Forsøksverksemda i skoleverket har vorti utvida.

Det er sett i verk tiltak for å auka tilgangen på lærarar til Nord-Noreg.

Til bygging av nye skolar har staten stilt til rådvelde 46,5 mill. kr. til lån, og dessutan garanterer staten for lån som kommunane tek opp i private kredittinstitusjonar.

Det samla studenttalet i haustsemesteret ved Universitetet i Oslo, Universitetet i Bergen, Noregs Tekniske Høgskole, Noregs Handelshøgskole, Noregs Lærarhøgskole, Noregs Landbrukshøgskole, Noregs Veterinærhøgskole og Statens Småbrukslærarskole reknar ein med vil bli ca. 8600. Det er om lag 800 fleire enn året før. Talet på studentar ved den tekniske høgskolen er auka med 100, og resten av auken fell stort sett på dei opne studia ved universiteta og ved Noregs Lærar-

høgskole. Ein reknar vidare med at det i haustsemesteret blir ca. 3140 norske studenter i utlandet. Det er ein auke frå i fjor på 340 studentar.

Arbeidet med å byggje ut dei akademiske og vitskaplege institusjonane held fram. Nybygga for Noregs Lærarhøgskole, Tromsø Museum og Universitetsbiblioteket i Bergen skal takast i bruk i året som kjem. Plantevernbygget ved Noregs Landbrukshøgskole er ferdig, og bygginga av Analyselaboratoriet vil bli sett i gang i haust. Under bygging er elles Elektroavdelinga, Elektrisitetsforsynings forskningsinstitutt, Geologisk institutt og Sentralbygget ved Noregs tekniske høgskole og nybygg for Vervarslinga i Nord-Noreg. For rekning av Interessentskapet Haukeland Sykehus er det sett i gang eller under planlegging omfattande byggearbeid som vil betre studietilhøva ved Det medisinske fakultet ved Universitetet i Bergen.

Tilgangen til realstudiet og dei filologiske studia har auka mykje, og saman med gjennomføringa av betre studieordningar fører dette med seg ein stor auke i lærartalet ved dei to fakulteta. Også i år blir det difor naudsynt å gjera framlegg om løyvingar til å auke personalet og til andre omframtiltak.

Ved den sommarsemester-undervisninga som universiteta og Noregs Lærarhøgskole driv for folkeskolelærarar som vil kvalifisere seg for undervisning i realskolen, var det i sommar til saman 430 studentar.

Statens lånekasse for studerande ungdom hadde pr. 1. september ca. 30 000 låntakarar. Lånesummen var i alt på 176 mill. kr., ein auke frå i fjor på 46 mill. Også dei midlane som står til rådvelde for studentar, lærarskole-elevar og elevar ved dei tekniske skolane, har auka frå i fjor med vel 0,4 mill. til 3,6 mill. kroner.

Forskningsråda hadde i 1959 ei innkome av tippe midlane på vel 25 mill. kroner. Det er ein auke frå i fjor på 0,8 mill. kroner.

Arbeidet med å betre lydartilhøva held fram etter planen. Fjernsynet blir utbygd i sam-

svar med dei retningslinene som er vedtekne. Første delen av Fjernsyn-huset vart ferdig 1. august.

Det frie kulturarbeidet er vidare utbygd med tiltak til å styrkje opplysningsarbeidet i dei frivillige organisasjonane, og med tiltak til å føre kunst og andre kulturverde til alle strok av landet.

Riksteatret gav i 1958—59 669 fram-
syningar med eigne turnéar og med samar-

beidsturnéar frå andre teater; hertil kjem 116 dokketeaterframsyningar.

A/S Folketeatret har stogga drifta som eige teater.

Riks gallerte heldt utstillingar på 131 stader, hadde om lag 1300 omvisingar og skipa til om lag 70 kulturveldar.

Den Norske Opera hadde si formelle opning i Oslo 16. februar 1959. Operaen har gjevi 54 framsyningar i Oslo og 15 på turné.

Gjevi på Oslo slott 30. september 1959.

Under Vår hand og riksseglet

OLAV
(L. S.)

Einar Gerhardsen

Leif Østern